

Leders tale 2020

Årsmøte – møteleder - Kjære alle sammen!

Det vart eit annleis årsmøte i år og nokre «snublesteinar». Dei kjem eg tilbake til. For eg vil starte slik eg avslutta leders tale med i 2019: Vær raus med ros. Det er veldig lett for meg – for 2019 var eit flott år i fylkeslaget og det er mykje å takke for. Vi tok gull i vervekonkurransen! 119 nye medlemmar mot 57 året før. Takk for fantastisk innsats! Nå er det mange nye som gler seg til å bli helsa på og inkludert i laget. Inkludering og KvinnerUt gjeld alle tilflyttarar i bygda og byen.

Vi fekk eit nytt lag også. Oslo Bygdekvinnelag vart restifta i november 2019 – så nå er det 23 lokallag i Akershus Bygdekvinnelag for Nittedal og Hakadal Bygdekvinnelag vart ikkje lagt ned – det vart fest - for ei grepa dame rakk opp handa og sa: Det kan ikkje skje – eg tek saken! All ære til ho og alle ho fekk med seg – og stor takk til dei som i mange år kjente at dei streva litt i motvind men heldt ut!

Alle laga fortener ein pris eller fleire for all innsats, og det er stas når eit lag får ein ekstern pris slik som Vestby som fekk **Læringsprisen 2019** frå Voksenopplæringsforbundet Akershus. Gratulerer!

Av dei 23 laga har vi **fem jubilantar nå i 2020**, så gratulerer til Sørum, Østre Udnes og Eidsvoll med 95 år og Ski og Vestby med 90 år. Staslege og viktige samfunnsaktørar i bygdene dette!

Takk til alle som står på – av og til i motvind, men heldigvis veldig ofte i også i medvind. Det er kanskje ein floskel – men utan frivilligheten stoppar Norge, seiest det. Eg trur det er sant. Også nå i denne spesielle tida ser eg at mange lag

har alternative aktiviteter for å halde liv i laget. Det er så flott! Kjenn at du som medlem er stolt og ikkje ver beskjeden når du fortel på gater og streder og til alle om kva laget ditt har på programmet.

Apropos program – nå har generalsekretær Cesilie Aurbakken oppfordra laga til å ta fram arbeidsplanen for 2020 – for smått om senn kjem vi vel tilbake til slik det var ein gong – eller i alle fall nesten. Da er det bare å planlegge aktiviteter med Tradisjonsmatskolen, KvinnerUT og prosjektet Gjenbruk og fellesskap mot bruk av plast. På årsmøtet i 2019 vart det uttrykt ønske om å få nytt opplag av Mattradisjoner fra Akershus. Naturleg nok har arbeidet stoppa litt opp, men fylkesstyret er i gang.

Takk også til styret som har støtta meg og samarbeida og kome med innspel – og heldigvis også av og til kome med motforestillingar. Og tolmodige har dei vore når eg sender e-postar og ringer nesten til alle døgnets tider. Det er jo ikkje akkurat 8 – 16-verv når vi er i det frivillige. Når vi ein gong møtes fysisk skal kvar og ein få ein takk på skikkeleg vis frå meg 😊

Takk til Gjerdrum og Ullensaker som hadde lagt ned mykje arbeid for at vi skulle få til ei fin helg med årsmøte og inspirasjonsseminar! Men så blei det ikkje slik dessverre. Takk igjen til laga som der og da stilte lojalt opp den hektiske kvelden da vi forstod at vi ikkje kunne gjennomføre. Så kjem det etter ei tid mange tankar og økonomiske bekymringar både for lokallaga og fylkesstyret. Vi har informert i brev til lokallagsstyra om kva som vart og er gjort, og vi forstår at det kan vere mange meininger om det var rett det som vart gjort. Vi i styret meiner at vi ikkje hadde anna valg enn å halde oss til den avtala som var inngått. Administrasjonen i Bygdekvinnelaget v/ Ingrid Lamark og Cesilie Aurbakken gav uvurderleg hjelp til vår eigen Bodil Berg med søknad til

myndighetene om kompensasjon. Det vart dessverre avslag, men ABK-styret vil jobbe videre med saken. Lokallaga er ikkje gløymt i denne vonde prosessen.

Fylkesstyret er mellom barken og veden – eit mellomledd som skal lytte til medlemmane. Sakene som vart sendt inn til det ordinære årsmøtet vert ikkje behandla i dag, men på saklista er det orientert om kva som skjer vidare.

Fylkesstyret tek også tak i aktuelle saker sjølsagt. Vi har fått på trykk mange leserinnlegg på vegne av lokallaga – aleine, saman med Akershus Bygdeungdomslag og ut frå forslag frå administrasjonen i Norges Bygdekvinnelag.

Vi er forbrukermakt og samfunnsaktør – aleine eller saman med andre.

Som det står i Norges Bygdeungdomslags oppsang – ja det heiter oppsang: «Samlet i lagene er vi en makt». Ungdommen må vi lytte til!

Tema for inspirasjonsseminaret i 2019 var: Jeg – en samfunnsaktør
I 2020 skulle vi hatt tema: Vi – influenserkjerringer mot strømmen
Dette er to sider av samme sak: Vi vil bidra i samfunnsutviklingen!

I og med at det blir som det blir på slutten av dagen i dag, så tenkte eg å avslutte litt personleg. - Hva skal du gjøre framover nå ‘a, sa mannen min ein dag.

Det er mulig han er litt uroleg i frykt for at eg blir meir i heimen enn før.

Akkurat det har vi jo øvd på ganske lenge nå da ...

Eg skal fortsatt være Aktiv livsnyter og Global bygdekvinne slik eg har presentert meg på Facebook. Og så er eg nok også litt tante Sofie som syns at alt hadde vore betre om alle var som meg og var enig med meg. Men det er jammen ikkje lett å få til, så eg er usikker på kor mykje energi eg skal legge i den innsatsen. Men kanskje litt ... Eg likar jo å skrive så...

I fjar siterte eg eit trøsteord eg har – om skrekk og gru om det blir tomt på mitt

skrivebord – det er det nok lite sjanse for på mitt skrivebord … eller i skuffar og skap og … Det ligg ein del UFOar – uferdige objekt - rundt i huset - og så skal eg fortsette å synge og lese og gå turar og sy og strikke og … Eg likar i grunnen å ha mange ballar i lufta.

Som global bygdekvinne er eg medlem i ACWW. Privat er eg med i prosjekt i Uganda og Senegal – for å styrke jenter og kvinner - som også betyr at alle blir styrka. *Støttar du ei kvinne, støttar du barna, familien, landet og verden.*

Stor takk til Norges Bygdekinnelag – og særleg Ellen Klynderud, som var sjefen min ein gong – som gav meg tillit og mulighet til å bli ei global bygdekvinne. Desse erfaringane og opplevingane har forma meg, og eg deler dei så gjerne om nokon vil høre og sjå.

I vår har mange bygdekinner trødd til og vore nabokjerringer slik som ABK skreiv om i leserinnlegget med tittelen Nabokjerring – nært og fjernt.

Der siterte vi frå Kari Bakkes dikt Nærkona som ho skreiv til Kvinneåret 1975.

Diktet startar slik:

*Nærkona var ho som kom
når det trongs ei hånd
eller eit fornuftigt hjarte*

Diktet avsluttast slik:

*Det vart lettare å puste
når ho kom til gards.*

Mi oppfordring er at vi alle må vere nabokjerringer og nærkoner og bry oss om dei vi har rundt oss – både nært og fjernt, kjente og ukjente.

Vi kan alle bidra der vi er med den vi er. Vi kan alle gjere ein forskjell.

Den indiske statsmannen Mahatma Gandhi sa det slik:

Undervurder aldri individets evne til å endre verden.

Takk for oppmerksomheten – lykke til videre - og godt årsmøte!